

## **Fråsegn frå årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre, Hornindal 12. februar**

### **Til Statnett**

### **Overføringslinja Indre Sogn – Ørskog må leggjast i kabel**

På grunn av forventa stort kraftunderskot i Møre og Romsdal, planlegg Statnett å byggje ei ny overføringslinje mellom Indre Sogn og Sunnmøre. Ei slik linje bygd som luftspenn, vil krevja ei gate på 50meter breidde og master på 30meter høgde. Vesentlege delar av traséen vil gå gjennom område der det kan oppstå konflikt med busetnad og friluftsi- og miljøinteresser. Etter vår oppfatning er dette uakseptabelt.

Dersom det blir aktuelt å byggje ei ny overføringslinje mellom Indre Sogn og Ørskog på Sunnmøre, krev Sogn og Fjordane Venstre at denne må leggjast som bakke- eller sjøkabel.

Sogn og Fjordane Venstre meiner det må utgreiast alternative framføringsmåtar av strekket, og vi krev full openheit i planleggingsprosessen slik at alle partar som vert påverka, får høve til å kome med innspel så tidleg som mogleg i prosessen.